

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2014	Formannskapet i Radøy	PS	05.06.2014
027/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	12.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/276	14/5479

Kommuneplan for Radøy - revisjon - framlegg til planprogram - handsaming i styringsgruppa for høyring og offentleg ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert med dette varsla om oppstart av planarbeid for delrevisjon av kommuneplan for Radøy. Samtidig vert framlegg til planprogram sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er i tråd med planstrategi for Radøy kommune 2012-2016. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 4-1 jf 11-13.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Oppstart av planarbeid for delrevisjon av kommuneplan for Radøy vart diskutert i møte i styringsgruppa 15. mai 2014.

På vegne av Venstre, Høgre og FrP kom Frode Hervik (V) med følgjande framlegg til vedtak:

Det vert opna opp for å revidere eksisterande bustadareal som lenge har stått urørt, samt opne for å ta inn nye bustadområde og næringsområde i revideringa av kommuneplanen. Det er ynskjeleg å få lagt inn 1-2 nye bustadområder på Manger, 1 på Sletta og 1 i Sæbø. Nye bustadområde på Bø vert handsama i områdeplanen for Bø. Ein må kvalitetssikre at nye prosjekt vert gjennomført.

Rådmannen gav klart uttrykk for at framlegget inneber ei betydeleg utviding av planrevisjonen enn administrasjonen har lagt opp til. Han ba om utsetjing av saka for å få utgreidd tidsplan, framdrift og ressursbruk ut frå dei signal som kom fram i møtet.

Formannskapet vedtok å utsetja saka om planprogram for delrevisjon av kommuneplanen, og at rådmannen kjem tilbake med ei vidare utgreiing utfrå signal i formannskapet.

FS - vedtak:

Saka vert utsett. Rådmannen kjem tilbake til formannskapet med ei vidare utgreiing utfrå dei signal som kom fram i formannskapet.

Vurdering

Saka vert lagt fram igjen med same framlegg til vedtak og planprogram som sist, 15. mai 2014. Grunngeving for dette vert det gjort greie for i det følgjande.

Delrevisjon av kommuneplanen sin arealdel er bestemt av kommunestyret i vedtak om kommunal planstrategi for Radøy 2012-2016 i sak 079/12 i møte 1. november 2012. Planstrategien legg føringar for kva tema som skal reviderast. Revisjonen er fyrst og framst meint som ein justering av gjeldande plan for å løyse konkrete problemstillingar knytt til bruk av planen i forvaltning av kommunen sine areal.

Styringsgruppa sitt ynskje om å vurdere eksisterande og nye byggjeområde i kommuneplanen vil krevje ein større prosess då ein må kartleggje utfordringar og leggje strategiar for arealbruk før sjølve planarbeidet kan starte opp. Ein må med andre ord ta eit skritt attende før ein kan starte sjølve planarbeidet.

Vedtak om oppstart av førre revisjon av kommuneplan vart vedteke i kommunestyret 29.05.2008. Ny kommuneplan fekk sin godkjenning i møte 29.09.2011. Då var både samfunnsdelen og arealdelen revidert. Kommunestyret var med å leggje føringar for arbeidet og styringsgruppa utarbeidde eit utfordringsdokument som la grunnlag for val av utviklingsstrategiar.

I ein full revisjon av arealdelen er det krav om å konsekvensvurdere alle nye byggjeområde. Det er krav om å vurdere og beskrive planen sin verkna for miljø og samfunn. Planprogrammet skal avklare kva tilhøve som skal utgreiast der relevante miljø- og samfunnstema er:

- Forureining
- Transport og energibehov
- Kulturminne
- Naturmangfald
- Landskap
- Jordvern
- Folkehelse
- Universell utforming og tilgjenge
- Førebygging av kriminalitet
- Beredskap og ulykkesrisiko (ROS-analyse)
- Born og unge sine interesser
- Støy
- Friluftsliv
- M.m.

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel skal ein i planprogrammet omtale alternative strategier for kommunen sin arealbruk og korleis ein vil handsame alternativer til konkrete utbyggingsframlegg. Ein skal me andre ord leggje strategier for langsiktig arealbruk og desse skal nyttast som styringsverktøy ved vurdering av framlegg til nye utbyggingsområde i planprosessen. Til dømes vart det i førre revisjon mellom anna lagt vekt på fortetting i eksisterande knutepunkt. Kommunestyret kan vedta å forlengje arealbruksstrategiane i frå sist revisjon. Planprogrammet skal innehalde informasjon om kva kommunen vil leggje vekt på ved vurdering av utbyggingsframlegg.

Tidsplan og framdrift for ein større revisjon av kommuneplanen sin arealdel

Opplegg for full revisjon av KP – diskusjon av prioriteringar og strategiar	Styringsgruppa	August 2014
Vedtak om oppstart av planarbeid – føringar	Kommunestyret	September 2014
Utarbeiding av arealstrategi	Styringsgruppa	Oktober 2014
Planoppstart og planprogram på høyring	Styringsgruppa	Nov – des 2014
Fastsetting av planprogram	Kommunestyret	Februar 2015
Utarbeiding av planforslag	Administrasjonen	Vår 2015
Fyrste gongshandsaming av planforslag for høyring	Styringsgruppa	Mai 2015
Høyring/offentleg ettersyn	Alle	t.o.m august 2015
Bygdemøte		August 2015
Handsaming av innspel	Styringsgruppa	Oktober 2015
Slutthandsaming	Kommunestyret	Desember 2015
Offentleggjing	adm	

I prosessen skal det vere møte med eldreråd, ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne samt gruppa som representerer born i plansaker.

Det er ikkje teke høgde for meir enn ein offentleg høyring i framdriftsplanen. Erfaringsmessig vert det to høyringar på store planar og då går det fort seks månader meir enn skissert øve slik at realistisk er ein ny plan klår før sumaren 2016.

Ressusbruk

Radøy kommune har for tida ein stilling på plan. Til denne stillinga ligg og andre oppgåver enn arealplanoppgåver. Ein full revisjon av kommuneplanen bør ha kontinuerlig fokus og rådmannen vurderer det slik at minst ein halv stilling bør vere dedikert i prosessen. Kommuneplankartet har kommunen utarbeidd sjølv og me vil gjere endringar sjølve. Til delrevisjonen er kartarbeidet nesten ferdig. Ressursbruken på å ta inn endringar i arealbruk må takast av oppmålingsavdelinga sine 1,4 årsverk. Det er ein person på oppmåling som har kompetanse på å teikne kart. Han skal og teikne kartet til områdeplan for Bø. Kor mykje tid som trengst for å lage nytt kart vil vere avhengig av kor mange endringar som skal leggjast inn.

Kommunen kan leige inn hjelp, men rådmannen vurderer det slik at det krevjer mykje å følgje opp ein konsulent og at me mister mykje kompetanse på den måten. I tillegg kostar det mykje pengar. Til dømes betalar me ca 300.000,- for å få utarbeidd reguleringsplan for Olsvollstranda fram til fyrste gongs høyring.

Ved å utvide revisjonen vil ein spare inn nokre møte og prosesskrav med høyringar. Det er likevel ikkje der den største arbeidsmengden ligg, det er i utarbeiding av plandokumenta. Det er mykje større krav til utgreiing og dokumentasjon når ein skal leggje inn endra arealbruk, enn når det skal gjerast endringar innan den vedtekne.

Kartarbeidet vil ein måtte gjere uansett og det vert sannsynlegvis ikkje mykje ekstra arbeid om ein gjer dette som ein eller to prosessar. Utfordringa er om ein legg fram eit kart på høyring og må gjere

store endringar etter fyrste høyring og om det vert fleire høyringar og då fleire framlegg til kart som må utarbeidast.

Avdeling for teknisk forvaltning brukar mykje tid på dispensasjonssaker. Ein del av desse kan handsamast delegert, men resten må opp i hovudutval for plan, landbruk og teknisk. Dei delegerte sakene er «kurante dispensasjonar» som får løyve, men søkjar må betale ekstra gebyr og sakshandaminga tek lengre tid då alt må innom Fylkesmannen i Hordaland for vurdering. Den forlenga sakshandsamingstida og gebyret er til ulempe for søkjar. Fylkesmannen i Hordaland har jobba i 2 år med å finne ei løysing for desse sakene og den vil me no implementere i revidert kommuneplan. Dette kan me gjere i delrevisjonen ved å leggje inn LNF – område med eksisterande heilårsbustader i kart og føresegner.

Parallell prosess

Rådmannen vurderer det slik at kommunestyret kan starte opp eit arbeid som legg grunnlag for ein full revisjon av kommuneplan parallelt med at me fullfører den planlagte delrevisjonen. På den måten får me raskt på plass eit vedtak i tråd med planstrategien som kan lette sakshandaminga på kurrante byggjesaker. Samstundes får me starta opp ein prosess for vidare utvikling av kommunen.

Konklusjon

Rådmannen har vurdert tidsplan, framdrift og ressursbruk ved å utvide revisjonen av kommuneplanen. Med ein stram tidsplan og 1 høyring vil ein kunne fullføre ein utvida revisjon ved å bruke eit knapt år lenger tid i forhold til ein delrevisjon. Ressursbruken vert meir omfattande,

Den største ulempen ved å ikkje gjennomføre delrevisjonen som planlagt er at ein då ikkje rask kan få endra planen slik at den vert eit betre verkty i forvaltninga. Rådmannen vurderer det som svært viktig å forenkla søknadsprosessen i mange saker der det i dag er krav om vedtak om dispensasjon frå gjeldande plan.

Rådmannen vil innstille til vedtak om oppstart av delrevisjon av kommuneplanen. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Samstundes vil rådmannen arbeide fram eit opplegg for full revisjon av kommuneplanen sin arealdel til diskusjon i formannskapet rett over sumaren.

Formannskapet i Radøy - 054/2014

FS - handsaming:

Plankonsulent Kjersti Flatråker orienterte om behovet for ein delrevisjon av kommuneplanen.

Ordførar Jon Askeland viste til framlegg frå V, Høgre og FrP i førre møte og inviterte til felles politisk vedtak for raskast mogleg realisering av meir areal til bustad og næring. Han føreslo å bruka områdeplanar for Bø, Manger og Austmarka-Kalnes, pluss reguleringsplan for Stølane på Sletta, til å dekkja behovet for tilrettelegging av bustadareal og delvis næringsareal. Ordføraren meiner trygg på at denne satsinga vil gje raskare handling og aktivitet enn å gjennomføra ein meir omfattande

revisjon av kommuneplanen.

Frode Hervik (V) kom på vegne av Venstre, Høyre og FrP i første møte med forslag om eit utvida kommuneplanarbeid med fokus på bustad og næring. Han slutta seg til rådmannen og ordføraren sitt opplegg, og framheva at områdeplanen for Manger må prioriterast før full revisjon av kommuneplan.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Det vert med dette varsla om oppstart av planarbeid for delrevisjon av kommuneplan for Radøy.

Samtidig vert framlegg til planprogram sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er i tråd med planstrategi for Radøy kommune 2012-2016. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 4-1 jf 11-13.

Kommunestyret i Radøy - 027/2014

KS - handsaming:

Formannskapet er styringsgruppe for revisjon av kommuneplan. Framlegg til planprogram skal difor avgjerast i formannskapet, og skal ikkje handsamast i kommunestyret.

Kommunestyret vedtok samrøystes å trekkja saka frå sakskartet til kommunestyret.

KS - vedtak:

Saka vert trekt frå sakskartet til kommunestyret.

Vedlegg:

Planstrategi Radøy kommune 2012-2016

Radøy kp revisjon_planprogram_2014_framlegg